Med utgangspunkt i visjonen «Saman for Sunnmøre» arbeider Sunnmøre Regionråd kvart år med ei lang rekke politiske saker der deltakarkommunane har felles interesser. Mangfaldet av saker er stort: nokre saker handlar om samarbeidsprosessar medan andre saker handlar om å oppnå konkrete politiske resultat. Ny selskapsavtale og ny strategi for Sunnmøre Regionråd er særskild omtalt i punkt 6 og 7 ovanfor.

Kva saker og samarbeidsområder regionrådet skal arbeide med er det opp til styret og representantskapet å prioritere. Nedanfor følgjer eit utval av saker som i 2021 vart handsama i styret og/eller representantskapet.



## 10.1 Politiske saker

Sak	Aksjon
Finansieringa av Helse Møre og Romsdal HF	Styret sende brev om saka
Samhandlingsressurs i Møre og Romsdal	Styret sende høyrings svar om saka
Demografiutfordringar i distrikta	Tema på Arena Sunnmøre
Musea på Sunnmøre	Regionrådet kalla inn til møte om saka
Meld. St. 19 (2020–2021) Styring av statlige universiteter og høyskoler	Regionrådet utarbeidde høyrings svar
Lyntogforum	Styret vurderte medlemskap
Marine grunnkart	Styret fekk orientering frå fylkeskommunen og Statens Kartverk. Semje om vidare samarbeid
PCI-senter i fylket	Styret ønskjer eit PCI-senter i fylket
Framtidig kollektivtilbod E-39	Styret peika på at kollektivtilbodet på ny E39 Ålesund-Molde ikkje må leggjast opp slik at det vert vanskelegare å reise kollektivt for dei som bur i bygdene i randsona til den nye vegtraseen
Regional klimaplan	Drøfta i representantskapet (og arbeid med i energieffektiviseringsprosjektet, jf. punkt 10.4)
Helsefellesskap Møre og Romsdal	Oppnemning av representantar frå kommunane til partnerskapsmøtet med Helse Møre og Romsdal m.m.
Ny Mørebenk - informasjonsflyt/påverknad inn mot stortingspolitikarane på Mørebenken	Styret drøfta korleis Sunnmøre Regionråd bør arbeide for å sikre god informasjonsflyt/påverknad inn mot stortingspolitikarane på Mørebenken
Bymiljøavtale for Ålesund byområde	Styret bestemte at Sunnmøre Regionråd skulle kontakte samferdselsministeren om saka
Ny kyrkjeleg organisering	Det vart utarbeidd forslag til felles høyringsuttale
Oppfølging av NTP (i forhold til statsbudsjett for 2022)	I styret vart det vist til at Sunnmøre Regionråd skal arbeide med dei sakene som samlar og opptre som eit fellesskap
Eksportvegen AS	Styret konkluderte med at Sunnmøre Regionråd kan ta ei rolle i det vidare arbeidet med Eksportvegen (E136) i samarbeid med Ålesund kommune
Samferdselsprosjekt i regionen	Temamøte i representantskapet
Marin næring m.m.	Temamøte i representantskapet

Andre politiske saker det har vore arbeidd med i Sunnmøre Regionråd i 2021 er m.a. finansiering av PET-skanner (tok opp saka med Sparebanken Møre som løyvde 15 mill.), nytt fengsel i Ålesund - Sunnmøre soningssenter (m.a. møte med justis- og beredskapsminister Monica Mæland og møte med Mørebenken), statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal (prosjekt i Møre og Romsdal fylkeskommune) og saka om bunnsedimenter i sjømråder med skipsverft.



## 10.2 Samarbeidsområde helse

Heile vegen frå starten på Sunnmøre Regionråd i 2012 har helse vore er eit samarbeidsområde der alle kommunane på Sunnmøre deltek. I 2011 etablerte den gong Ålesundregionens Utviklingsselskap (ÅRU) eit nettverk av helseleiarar frå kommunane som sidan har hatt faste møter typisk 5-6 gongar i året. Bakgrunnen for at regionrådet engasjerte seg i samarbeidsområdet helse var samhandlingsreforma «Rett behandling – på rett stad – til rett tid».

Helse er som kjend eit av dei største ansvarsområda innan kommunal tenesteproduksjon. Samarbeidet i Sunnmøre Regionråd er ikkje eit samarbeid om sjølve tenesteproduksjonen, men om å ivareta kommunane sine felles interesser i samarbeidet med statsforvaltinga på helseområdet, m.a. Helse Møre og Romsdal HF, Helse Midt-Norge RHF og Helseplattformen.

Helse som samarbeidsområde i regionrådet har element av både fag og politikk, og samhandlingsgruppa koplar på styret i regionrådet i saker der ein må arbeide politisk for å ivareta kommunane sine interesser.

Samarbeidet innan helse i regionrådet er noko både store og små deltakarkommunar i regionrådet har god nytte av, fordi summen av den helsefaglege fagkunnskapen i kommunane er større enn i kvar kommune. Slik vert kommunane saman ein betre fagleg match for helseføretaket, og politisk vert kommunane «saman sterk». Sjukehusa er typisk lokalisert til by/bygdeby, og det er viktig med god politisk støtte i ormlandet i kampen om utvikling av sjukehusa.

Samhandlingsgruppa bidrar også med faglege råd til dei som forhandlar for sunnmørskommune (kommuneoverlege Volda og kommuneadvokat Ålesund) ved revisjon av samhandlingsavtalen.

I 2021 vart det handsama 17 saker på 5 møter i samhandlingsgruppa. Blant sakene som vart handsama var etablering av ny samarbeidsstruktur (i ny samarbeidsavtale), under dette oppnemning av representantar til Helsefellesskap Møre og Romsdal og oppretting av kommunal sekretærfunksjon i Helsefellesskap Møre og Romsdal.

Sunnmøre Regionråd har i medhald av samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal vore sekretariat for både Lokalt samhandlingsutval for Volda sjukehusområde og Lokalt samhandlingsutval for Ålesund sjukehusområde. Oppgåvene til desse utvala går fram av samarbeidsavtalen mellom kommunane og Helse Møre og Romsdal.

Sunnmøre Regionråd var til saman sekretariat for 3 møter i desse utvala i 2021, 2 i Volda sjukehusområde (20 saker vart handsama) og 1 i Ålesund sjukehusområde (8 saker vart handsama).

Frå hausten 2021 tok kommunane sine representantar i samarbeidssekretariatet i Helsefellesskap Møre og Romsdal over oppgåvene som sekretariat for dei lokale samarbeidsutvala (saman med representantar for Helse Møre og Romsdal).

Hovdebygda/Rjånes





## 10.3 Samarbeidsområd skule og barnehage

### Målet for arbeidet:

Barnehage og skule er eit stort og viktig område for kommunane i forhold til tenesteproduksjon.

Målet for samarbeidet:

*Å sikre kvalitets- og kompetanseheving og fagleg og organisatorisk utvikling i barnehage og skule.*

*Å bidra til å skape ein sterk og berekraftig kompetanse-region på Sunnmøre.*

### Politiske føringar:

Desentralisert kompetanseutvikling er politisk bestemte ordningar for å møte dokumenterte behov i norsk skule. Utifrå dette har Utdanningsdirektoratet valt ein desentralisert modell for å møte kompetansebehov lokalt.

### Ansvar for 3 Regionale kompetanseordningar:

Regional kompetanseutvikling for barnehage (Rekomp) og desentralisert kompetanseutvikling for skule (Dekomp) gir regionane styring med og ansvar for kompetanseutvikling og etter- og vidareutdanning av tilsette i barnehage og skule i tillegg til Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis.

### Samarbeidspartnarar:

I arbeidet med å bygge ein struktur for dei 3 regionale kompetanseordningane og gi ordningane eit godt fagleg innhald og gjennomføringskraft er Høgskulen i Volda vår fremste partnar. Våre samarbeidspartnarar elles er Statsforvaltaren i Møre og Romsdal, NTNU i Ålesund, NTNU i Trondheim og Dronning Mauds Minne.

### Samarbeidsforum for dei regionale ordningane:

I tråd med føringar for dei regionale ordningane er det også eit Samarbeidsforum for regionen med representantar frå Statsforvaltaren, Høgskulen i Volda, NTNU i Trondheim, KS, Statped, arbeidstakarorganisasjonar, representantar for private barnehagar og skular. Vedtak som gjeld dei regionale ordningane er det dette forumet som gjer.

### Organisering:

Prosjektet har eit arbeidsutval som er felles for barnehage og skule med representantar frå Ålesund kommune og Sula kommune i 2020. Det er valt av eit regionnettverk som består av kommunalsjefar og rådgivarar innan oppvekst frå kommunane på nordre Sunnmøre.

### 2021: Møter, tall og formål:

Pandemi og nasjonale smittevernstiltak har gjort at samlingar og møter har vore digitale bortsett frå møte i Samarbeidsforum 29.11 som var lagt til Atlanterhavsparken for å presentere vårt nasjonale Vitensenter. Arbeidsutvalet for samarbeidet om dei regionale ordningane hadde 9 møter i 2021. Formålet er å planlegge dei desentraliserte ordningane på best mogleg måte for å

møte kompetansebehov i barnehage og skule og for å gi barn og elevar god opplæring og omsorg.

Regionnettverket hadde 3 møter i 2021. Formål å legge føringar for korleis dei ulike ordningane skal gjennomførast og forankrast.

Samarbeidsutvalet hadde 3 møter i 2021. Godkjenne langsiktige kompetanseplanar og godkjenne innstillinga til statsforvaltaren som viser satsingar og behov for ressursar for å gjennomføre desse og rapportere på ressursar.

### Partnerskapsmøter med Høgskulen i Volda:

Vi hadde til saman over 20 samarbeids- og planleggingsmøte med Høgskulen i Volda i 2021. Formålet med desse møta var å planlegge ordningane i detalj slik at dei ulike tiltak eller tema kunne gjennomførast i barnehage og skule.

Det er eit godt partnerskap vi har med Høgskulen i Volda prega av læring og gjensidig respekt for kvarandre sin ståstad.

### Planarbeid:

Barnehage og skule har utarbeidd felles strategiplan og fleirårig kompetanseplan. Prosjektplanar/handlingsplanar blir utarbeidd for kvart år i samarbeid med Høgskulen i Volda og regionen for dei ulike satsingane og programma som skal gjennomførast. For å få tilbakemelding om kompetansebehov var det i januar og februar 2021 gjennomført ei spørjeundersøking i barnehage og skule

i kommunane. Dei ulike planane og tiltaka vart utarbeidd i samarbeid med Høgskulen på bakgrunn av dette.

### Kompetanseløftet for spesial pedagogikk og inkluderande praksis:

**inkluderande praksis:**

Kompetanseløftet for spesialpedagogikk og inkluderande praksis skal gi alle som arbeider i laget rundt barnet et kompetanseløft. Dette skal være et kompetanseløft i forhold til barn og unge som trenger litt ekstra og også kompetanse i å inkludere alle i undervisning og sosialt fellesskap.

Hausten 2021 gjennomførte regionen i samarbeid med Høgskulen i Volda ei stor analyse av kompetansebehov og andre behov i forhold til spesialpedagogikk og inkluderande praksis kalla KOSIP. Det er analysen av denne undersøkinga som skal danne grunnlaget for ulike tiltak i kommune og region.

### Utdanning

#### Kompetanse for kvalitet. KfK: Skule

Det har blitt gjennomført kartlegging av behov i forhold til formelle utdanningskrav for lærarar i både barnehage og skule. Regionen har møtt desse behova ved å legge til rette for tilbod lokalt



GSI-statistikken for skule viste eit stort behov i forhold til Kompetansekrav-2025-KfK. Her vil ein auke kompetansen for å kunne undervise lovleg i hovudfaga matematikk, norsk og engelsk. Ein har fått lagt tilbod til regionen slik at kommunar og studentar sparer pengar og tid. Det er stor interesse for desse faga og tre fag vart gjennomført i Ålesund i 2021.

### Utdanning Barnehage:

Teori til fagbrev: Eit stort behov var avdekt og mange tok teorien til fagbrevet på kurs arrangert av Sunnmøre regionråd i 2021. Eksamen i november 2021.

**Styrarutdanning:** Det er lagt ned eit omfattande arbeid for å få lagt denne utdanninga til vår region. Etter forhandlingar med Dronning Mauds Minne Høgskule og UDIR, fekk ein beskjed om at det skulle leggest eit studium til Ålesund frå hausten 2021!

**På Disp:** Dette er eit grunnkurs som er eit tilbod til dei som ikkje har utdanning og som arbeider i barnehagen. Det er eit viktig bidrag i forhold til kvalitet i barnehagen.

### Munnleg eksamen:

Sunnmøre regionråd har tatt på seg ansvaret for tilrettelegging og gjennomføring av munnleg eksamen for alle 10. klassingar på nordre Sunnmøre.

Året 2021 vart spesielt då alle eksamenar vart avlyste denne våren. Arbeidet måtte likevel gjerast.


Det er eit stort arbeid som skal koordinerast og som krev fleire møter og samarbeid mellom skular.

### Konklusjon:

Det er eit stort arbeid å fasilitere og koordinere dei Desentraliserte kompetansetilaka slik nasjonale myndigheter legg opp til. Vår visjon er at kvart barn og kvar elev skal lære meir og føle seg meir inkludert i det som skjer i barnehage og skule på bakgrunn av gode regionale ordningar som gir kompetanse og kvalitet. Vi arbeider så godt vi berre kan med dette og er glade for det gode samarbeidet vi har med Høgskulen i Volda som er vår partner.

*Nokre glimt frå arbeidet:*

*Digital leiarsamling med 152 deltakarar. Både fellesmøte og deling i grupper digitalt.*



*Samarbeidsmøte med Statsforvalteren, kommune og region og Høgskulen i Volda.*

## 10.4 Energieffektiviseringsprosjektet i regi av Sunnmøre regionråd i 2021



Digitale møter. Som følge av koronapandemien var det i 2021 mange digitale møter som vi på mange måtar opplevde som effektiviserande.

**Oppgåve:** Vi hjalp mange kommunar som trong hjelp med å realisere vedtaka i energi- og klimaplanane sine. Stortinget har vedteke reduksjon av utslipp av klimagas med 45% innan 2030.


**Økonomisk netto gevinst på ca. 50 mill kr:** Vi har gjennomført tiltak for å redusere energiforbruket i fylgjande kommunar: Giske, Fjord, Sande, Skodje, Stranda, Sula, Sykkylven, Vanylven, Vestnes, Ørskog, Volda og Ålesund. Ved utgangen av 2019 var det skifta ut ca. 10165 HQL armaturar med nye LED armaturar. Den totale akkumulerte energireduksjonen for alle tiltaka var pr. 31.12.2021 berekna til 63.250.000 kwh. Akkumulert gevinst pr. 31.12.2021 blir ca. 50 mill. kr.

**EPC-kontrakter:** Vi har arbeidd for å få i stand EPC-kontraktar (energisparkontraktar) for raskast mogleg å få realisere det sparepotensialet som er kartlagt ved energimerking og energianalyser. Storhallen i Sykkylven har no vore i drift i vel eit år og resultatet er betre enn kalkulert, 345000 kwh reduksjon i 2019. Stranda kommune signerte EPC-kontrakt i mai, reduserte kostnader som følge av dette skal bli på ca 0,84 mill. kr. pr. år. Ferdigstilast vår 2021.

**Tilskot fra Enova:** Enova har endra programma sine slik at det no er meir krevjande å søkje om midlar enn tidligare. Ved utgangen av 2019 hadde ENOVA gitt tilsegn om 29,6 mill. kr. Vi har arbeidd med ein søknad for NTNU, Konseptutredning for innovative energi og klimaløsnin-ger. Søknaden vart innvilga med kr 600000,- som utgjør 50% av prosjektkostnaden. Sunnmøre Regionråd vart engasjert til å sjå på mogleheitene for å nyttiggjere seg av fornybar solenergi i forskjellige former; som tilskotsenergi til det vannbårne anlegget, som termisk energi lagra i energibrønningar og elektrisk energi til erstatning for kjøpt elektrisk energi. Solenergi er ei rein nullutslepps energikilde, denne bør vi bli flinkare til å utnytte. Prosjektet er gjennomført og viser eit potensiale for energireduksjon med ca 1,7 mill. kWh pr år.

**Reduksjon av CO2 og togradersmålet:** Alle kommunane i Sunnmøre regionråd arbeider aktivt for å redusere CO2-utslippa gjennom å realisere vedtaka i energi- og klimaplanane. Dei er difor med på å gjere sitt til at verda kan nå togradersmålet i 2030. Spesielt innan transportsektoren på land og til sjøs er det eit stort potensiale.

**Hydrogen:** Vi har arbeidd med å auke kunnskapen om hydrogen i distriktet med tanke på at dette skal skape



Bilde frå taket på Eidet omsorgssenter. Kanskje det blir slik på NTNU i Ålesund og?

framtidige arbeidsplassar. Vi har delteke på fleire konferansar. Rundt omkring i Noreg blir det arbeidd med mange forskjellige prosjekt for å kunne nytte hydrogen som drivstoff innan samferdselssektoren og som energilager for straum, produsert ved hjelp av fornybar energi (vindmøller, solcellepanel og småkraftverk).

**Brønnbåt med hydrogen som drivstoff:** Vi vart i haust kontakta av Tore Johan Øvstebø og kopla på eit prosjekt som skulle realisere etablering av ein brønnbåt som skulle nytte hydrogen som drivstoff.

Eigaren Hofseth Aqua AS skulle kjøpe hydrogen frå hydrogenfabrikken på Hellesylt. Kjempespennde prosjekt som manglar full finansiering.

### Masterplan for berekraftige, offentlege toalett på Sunnmøre:

Det er eit aukande problem at turistar forsøplar naturen ved å gjere sitt fornødne i naturen ved stiar og rasteplassar. Ofte ligg desse plassane nært inntil elvar og vatn som så kan bli forureina av både tarmbakteriar og andre bakteriar.

Vi har i fyrste omgang arbeidd for å få etablert eit toalett i Slettevikane i Valldal. Her har fylgjande personar vore involvert i tillegg fleire representantar frå Møre og Romsdal fylkeskommune: Arne Sandnes, Per Magnus Berdal, Katrin Blomvik, Eva Hove, Karl Arne Birkhol, Fridjof Døving, Martin Hove og Hilde Sætertrø, prosjektleiar for Nasjonalt program for leverandørutvikling.

### Sunnmørskommunane sitt klima og energinettverk:

Miljødirektoratet oppretta ordninga KLIMASATS i 2019 - støtte til klimatiltak. Dette er ei ordning som er administrert av Miljødirektoratet. Ein kan søkje på midlar til ulike tiltak innan energieffektivisering. På vegne av 11 kommunar søkte vi om tilskot til drifting av sunnmørskommunane sitt nettverk med tanke på rulling av klima og



energiplanane til kommunane. Vi fikk tildelt kr 275000,- som vil gå til dekning av lønn og møtekostnader. Det vert lagt opp til stor grad av medverknad for at flest mogleg skal engasjere seg i klimaarbeidet.

**Innhenting av tilbud på Klimagassregnskap for alle kommunane i nettverket:** Tilbodet vart mottatt 15.04.20. 2 kommunar bestilte. Det var Fjord og Stranda. Dette gjorde at desse kommunane kom i gang med å lage eit kunnskapsgrunnlag som skal danne grunnlaget for rulling av ny klima og energiplan. Prosessen har vore god i desse kommunane og dei har laga eit kunnskapsgrunnlag om no- tilstanden i kommunane.

Klimasnuprisen frå Statsforvaltaren vart i 2020 tildelt konserninnkjøp i Ålesund kommune på grunn av dette prosjektet; kompetansehevande tiltak for miljøvennlig innkjøp. Sunnmøre Regionråd IKS har sammen med kommunane Giske, Hareid, Herøy, Fjord, Stranda, Sykkylven, Volda og konserninnkjøp i Ålesund kommune sørga for å søke Miljødirektoratet om midlar til denne stillinga. Miljødirektoratet har bevilga et tilskot på 2 mill. kr. til dette prosjektet som skal vare i 2 år. Prosjektet har etablert eit samarbeid med klimaetaten i Oslo kommune og kommu-

nane Karmøy, Stavanger og Kristiansand.

Det var Sunnmøre Regionråd IKS ved Einar Haram som var initiativtakar til prosjektet.

Dette prosjektet vil gjere det enklare for innkjøparane i den enkelte kommune å oppfylle miljøsatsinga rundt offentlege innkjøp både på strategisk og operativt plan slik at kommunane oppfyller dei nasjonale måla med omsyn til reduksjon av klimautslipp innan 2030.

**Økonomisk gevinst for energieffektiviseringsprosjektet:**

Dei prosjekta som vi har medverka til og som er blitt ferdige har resultert i ein energireduksjon som har gitt ein økonomisk akkumulert gevinst på ca. 50 mill. kr ved utgangen av 2021.

**FNS berekraftsmål nr 13 STOPP KLIMAENDRINGANE:**



Vi arbeider for å stoppe klimaendringane ved å handle lokalt.

Ulsteinvik



## 11. Avslutning


Sunnmøre Regionråd IKS hadde i 2021 5 fast tilsette, 4 menn og 1 kvinne. I styret var det 3 kvinner og 4 menn før 29. oktober, og 4 kvinner og 3 menn etter dette.

Selskapet driv ikkje med produksjon eller anna verksemd som forureinar det ytre miljøet. Arbeidsmiljøet er godt og sjukefråveret er lågt.

I årsrekneskapan er føresetnaden om drift av Sunnmøre Regionråd lagt til grunn, då det etter styret si oppfatning ikkje er forhold som tilseier noko anna.

Ålesund 20. mai 2022

### Styret



Vebjørn Krogsæter  
styreleiar



Eva Hove  
nestleiar




Sølvi Dimmen  
styremedlem



Bjørn-Halvor Prytz  
styremedlem



Monica Molvær  
styremedlem



Harry Valderhaug  
styremedlem



Eva Vinje Aurdal  
styremedlem



## 12. Vedlegg: Rekneskapen for 2021

## Sunnmøre Regionråd IKS

## RESULTATREGNSKAP 2021

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	2021	2020
<b>Driftsinntekter</b>		
Tilskudd kommuner (note 1)	3 786 215	4 477 084
Eksterne tilskudd (note 1)	1 380 000	1 529 500
Bruk av fond		68 328
Sum driftsinntekter	<u>5 166 215</u>	<u>6 074 912</u>
<b>Driftskostnader</b>		
Lønninger, folketrygd, pensjon (note 2)	5 202 634	4 743 760
Andre kostnader (note 3)	1 167 340	1 329 253
Sum driftskostnader	<u>6 369 974</u>	<u>6 073 013</u>
<b>Driftsresultat</b>	- 1 203 759	1 900
<b>Finansinntekter og kostnader</b>		
Renteinntekter	<u>22 465</u>	<u>39 744</u>
<b>Årsresultat (note 9)</b>	- 1 181 294	41 644

## BALANSE PR. 31.12.21

EIENDELER	2021	2020
Aksjeinnskudd (note 8)	25 000	25 000
Egenkapitaltilskudd KLP	<u>225 787</u>	<u>203 731</u>
	<u>250 787</u>	<u>228 731</u>
<b>Omløpsmidler</b>		
Fordringer:		
Merverdiavgift	100 891	163 288
Andre kortsiktige fordringer (note 5)	512 954	358 770
Kundefordringer (note 5)	- 194 003	67 250
Sum fordringer	<u>419 842</u>	<u>589 308</u>
Bankinnskudd, kontanter og lignende:		
Bank (note 6)	<u>774 080</u>	<u>1 922 140</u>
Sum bankinnskudd, kontanter og lignende	<u>774 080</u>	<u>1 922 140</u>
<b>SUM EIENDELER</b>	<u>1 444 708</u>	<u>2 740 179</u>
<b>EGENKAPITAL OG GJELD</b>		
<b>Egenkapital</b>		
Opptjent egenkapital	1 435 362	1 393 718
Overført til fond / endring fond (note 4)	- 49 010	
Årets resultat	- 1 181 294	41 644
Sum egenkapital	<u>205 058</u>	<u>1 435 362</u>
Bundne midler (note 4):	<u>316 109</u>	<u>267 099</u>
Kortsiktig gjeld:		
Offentlige avgifter	373 482	349 705
Annen kortsiktig gjeld (note 7)	550 059	688 014
Sum kortsiktig gjeld	<u>923 541</u>	<u>1 037 719</u>
<b>SUM EGENKAPITAL OG GJELD</b>	<u>1 444 708</u>	<u>2 740 179</u>



## NOTER TIL REGNSKAPET

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapslovens bestemmelser og god regnskapsskikk.

### Klassifisering og vurdering av balanseposter.

Omløpsmidler og kortsiktig gjeld omfatter poster som forfaller til betaling innen et år.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi. Kortsiktig gjeld balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet

<b>Note 1 - Driftsinntekter</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
<b>Konto 3900</b>		
Fjord kommune	69 779	143 722
Giske Kommune	194 839	284 836
Sula Kommune	195 291	238 288
Ålesund Kommune	1 383 484	1 917 246
Vestnes Kommune	137 732	172 826
Stranda Kommune	352 485	411 495
Sykkylven Kommune	178 030	230 821
Vanylven Kommune	66 810	71 250
Herøy Kommune	207 200	189 250
Sande Kommune	56 393	57 250
Ulstein Kommune	193 989	182 250
Hareid Kommune	115 719	111 250
Volda Kommune	216 876	217 250
Ørsta Kommune	230 238	230 250
Andre inntekter	187 350	19 100
	<u>3 786 215</u>	<u>4 477 084</u>

### Konto 3500

Eksterne tilskudd kr. 1 380 000,- er ført på prosjektene.



<b>Note 2 - Lønnskostnader</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Lønn	3 846 608	3 802 164
Pensjonsutgifter	714 441	360 924
Arbeidsgiveravgift	641 584	564 435
Møtegodtgjørelse/honorar	-	16 000
Annen personalkostnad	-	238
	<u>5 202 634</u>	<u>4 743 760</u>

Lønn til daglig leder utgjorde kr 884 553,- i 2021

I revisjonshonorar er det kostnadsført kr 30.100,- ekskl. mva. Honoraret gjelder fullt og helt revisjon.

Selskapet hadde 2 fast ansatte i 2021 under generell drift, i tillegg til 3 prosjektmedarbeidere.

<b>Note 3 - Andre kostnader</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Aviser, tidsskrifter	17 358	14 071
Reklame, annonse, trykksaker	16 259	500
Rekvisita, inventar, utstyr	20 902	66 239
IT programvare/drift		10 000
Telefonutgifter, datakommunikasjon, porto	91 191	81 903
Reiseutgifter	11 758	23 090
Kontingenter	160 861	59 318
Andre kostnader	348	21 626
Kurs/Konferanse, bevertning	135 850	301 586
Regnskaps- og revisjonshonorar	96 100	77 100
Konsulenttjenester	165 391	274 609
Husleie	441 076	384 437
Gebyr/omkostninger	5 598	5 525
Leie maskiner, inventar etc	4 647	9 250
	<u>1 167 340</u>	<u>1 329 253</u>

<b>Note 4 - Prosjektmidler pr. 31.12.21</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Prosjekt Pedagogisk koordinator (1090)		
Prosjekt Energiløkonomisering (1130)		
Prosjekt Samhandlingsreforma (1160)	-	2 916
Sunnføre Soningssenter (1260)	316 109	264 183
Sum bundne midler:	<u>316 109</u>	<u>267 099</u>



<b>Note 5 - Kundefordringer</b>	<b>2021</b>	<b>2020</b>
Andre kortsiktige fordringer *	500 000	358 770
Diverse kortsiktige fordringer kundefordringer	- 194 003	67 250
	<u>305 997</u>	<u>426 020</u>

\* Det er gitt tilsagn på 350 000 til prosjekt for Sunnmøre Soningscenter. Dette er bokført som en fordring inntil utbetaling skjer.

#### **Note 6 - Bankinnskudd**

I posten bankinnskudd er det inkludert bundne skattetrekksmidler med kr. 166 235,-

#### **Note 7 - Kortsiktig gjeld**

Annen kortsiktig gjeld består av avsatt ferielønn og leverandørgjeld.


#### **Note 8 - Aksjeinnskudd**

Utviklingsforum for Ålesund Lufthavn Vigra AS

#### **Note 9 - Årsresultat**

Årsresultatet blir ført mot egenkapitalen





### **Sunnmøre Regionråd IKS**

Nettadresse: [www.sunnmoreregionrad.no](http://www.sunnmoreregionrad.no)  
Besøksadresse: Borgundvegen 340, 6009 Ålesund, Norge  
Postadresse: Postboks 1521, 6025 Ålesund  
Tlf. 70 16 20 00  
E-post: [post@sunnmoreregionrad.no](mailto:post@sunnmoreregionrad.no)

## **Utvikling gjennom samarbeid**

### **Årsmelding**

Årsmeldingen er et fellesprodukt med bidrag fra prosjektleiarane og administrasjonen.

### **Redaksjon**

Vegard Austnes

### **Grafisk design og trykk**

Hustrykkeriet | Ålesund kommune

### **Bilder i årsmeldinga**

Shutterstock.com | Ålesund kommune | Gry-Jeanett Teigen | Sunnmøre Regionråd